

KVA HENDER I



Fjelberg og Eid sokn

Nr 2 September 2008 24.Årg.

Ha fokus på Jesus!

Som gut var eg heime hos ein kamerat. På veggen i stua hadde dei eit bibelvers. Den som kom inn i stua, kunne ikkje anna enn straks å sjå det. Eg hugsar det gjorde noko med meg å lesa bibelverset på veggen. Det hjalp meg til å ha fokus på Jesus. Eg trur bibelverset var med å gjera det godt å vera saman i den stua.

Det er mykje vi kan bruka tida vår på. Vi treng å prioritera, spørja oss: Kva er viktig for meg? Kva er det viktigaste for meg? Kva vil eg ha fokus på, vera oppmerksom på?

Gud har skapt oss og gitt oss livet. Han vil vi skal leva saman med Han.

Jesus er Gud hos oss og nær oss. Kva tyder det å ha fokus på Jesus? Det er gjennom dagen å ha fokus på at vi har ein levande frelsar. Han som døydde og oppstod for oss, er nær oss. I trua på Han har vi del i krafta frå oppstoda hans. Å ha fokus på Jesus handlar og om å sjå Han som førebilete sitt i livet og leva i bøn til Han.

Klosterrørsla kan læra oss noko om å ha fokus på Jesus. Menneske går i kloster for å søkja Gud. Livet i klosteret er bygd på gudstenester som tidebøn gjennom døgnet, på stille stunder i einerom med Bibel og bøn og på arbeid. Fellesskapet i klosteret

er viktig. Slik søker dei Gud. Om vi ikkje lever i kloster, kan vi søkja Gud der vi er. Det handlar om å ha fokus på Jesus. Då er det viktig å koma saman til gudsteneste, finna rom for stille stunder med Bibel og bøn og leva nær Jesus i arbeid og fritid. Ein kan be bønner i augeblink.

Det er sagt: "Sut er noko eg vel. Vel det bort. Tenk på det som er mogleg." Eg vil tilføya: Ha fokus på Jesus! Han seier: "Søk fyrst Guds rike og hans rettferd, så skal de få alt det andre attåt." Matt. 6,33

TN

“ Oppstart for “Happy “

Barnekoret “Happy” startar oppigjen på Zoar, 26.august, etter ein god og varm sommarferie! Koret er denne hausten delt i to. “Mini-Happy” er for dei som er fylt 5 år tom 3.kl. Dei øver annakvar tirsdag frå 17.30 til 18.30. Vi skal sjølv sagt synge masse med og uten singback, leike litt og høyre små bibelforteljingar! Vi

har planer om ein laurdagstur til Husnes i okt, for å besøke barnekoret “Svush”. “ Maxi-Happy” er for dei frå 4.kl tom 7.kl, og øver frå 18.30 -19.30. Her vil vi satse ein del på drama, song m playback el singback, og ein mini-samtale-andakt! Vi tar turen til Karmøy Gospelfestival i okt! Vi kjem nok også til å vere

med både i kyrkje og bedehus når vi har kome i sving! Vonar mange vil vere med å formidle kristen gla`song til alle som vil høyre på! Ver gjerne med å be for dette arbeidet! Helsing leiarane : Bjarnhild Sjo, Jorun Johansen, Marit Lindekleiv.

KVA HENDER I FJELBERG OG EID SOKN

Eit meldingsblad for Fjelberg prestegjeld

Redaksjonen:

Soknepresten 53 47 62 47
Norunn Agdestein 53 47 64 64
Harald Thuestad 53 47 27 76
Reidar Sølve Jakobsen 53 47 62 82
(kasserar)

KYRKJELEGE ARBEIDARAR:

Terje Nag 53 49 40 64
terje.nag@kvinnherad.kommune.no
Sokneprest

Marit Lindekleiv 53 47 15 51
marit.lindekleiv@kvinnherad.kommune.no
Organist

Grete Svalland 53 47 64 72
grethe.svalland@kvinnherad.kommune.no
Kontormedarb.

Fjelberg og Eid sokneråd:

Rolf Arne Birkeland 53 47 81 17
Soknerådsleiar.

Fjelberg kyrkje:

Grete Svalland 53 47 64 72
Kyrkjetenar/klokkar

Eid kyrkje:

Håvard Eide 53 47 64 20
Klokkar

Idar Bjørgen 53 47 72 55
Kyrkjetenar/gravar

Kontortid, kyrkjekontoret.

Tysdag og torsdag kl. 11.00-14.00

Telefon 53 47 62 47
Fax 53 47 20 22

Internettsider:

www.kyrkja-kvinnherad.no
www.menighetsblad.no

e-mail til redaksjon:

red.fjelberg@knett.no

Trykking og utsending av blad kostar. Det vert ikkje billigare med åra. Ønsker DU å støtta til, kan du betala til kontonummer: 3520.58.66947. All hjelp tas imot med TAKK.

I GLEDE OG SORG

Døypte i Eid kyrkje

06.04.08 Madelen Gjuvsland
Emma Nernes
Ariel Engelsen Øvrevik
11.05.08 Birk Boman
Madel Hanstvedt Tofte
Mari Vaagen Matre
22.06.08 Synne Njøs
28.06.08 Tindra Synnøve Skogen Paulsson

Døypte i Fjelberg kyrkje

12.05.08 Ole Morten Sæbø

Vigde i Eid kyrkje

07.06.08 Elisabeth Hansen og Gisle Oddvar
Eide
21.06.08 Lillian Ueland og
Knut Arne Hauge
28.06.08 Tonje Skogen og
Thomas Per Niklas Paulsson
16.08.08 Maria Engelsen Øvrevik og
Espen Øvrevik
16.08.08 Randi Karin Skålevik Rusten
Tufta og Leiv Helge Tufta

Vigde i Fjelberg kyrkje

21.06.08 Lilly Anne Litlabø og
Svein Ove Eikenes
28.06.08 Karianne Bjørnstad og
Trond Vegard Strand
05.07.08 Maria Svalland og
Anders Stormark
26.07.08 Kathinka Marie Nøding og
Harald Østvik
08.08.08 Hanne Lise Berge og
Stig Arild Fosse
16.08.08 Tordis Helene Skjulestad Gjærde
Øyvind Gjærde

Gravlagt i Eid kyrkje

27.05.08 Synnøve Johanne Laurensen Gjærde
26.06.08 Edmund Magnus Jensen
11.07.08 Madel Koløy

Gravlagt i Fjelberg kyrkje

17.04.08 Tordis Henriette Vik

Gudstenesteliste for Fjelberg og Eid

21.sept	Kl. 11.00	Eid	Familiegudsteneste, 11-åringar får NT
28.sept	Kl. 11.00	Fjelberg	Familiegudsteneste, hausttakkefest, bok til 4-åringar, 11-åringar får NT
05.okt	Kl. 11.00	Eid	Nattverd, misjonssøndag
09.okt	Kl. 19.00	Eid	Lovsongskveld
19.okt	Kl. 15.00	Eid	4-åringar får bok, Mini-happy deltek
26.okt	Kl. 11.00	Fjelberg	Nattverd
02.nov	Kl. 11.00	Eid	Nattverd
09.nov	Kl. 11.00	Høylandsbygd	
16.nov	Kl. 19.00	Eid	Tomasmesse, nattverd
23.nov	Kl. 11.00	Eid	
30.nov	Kl. 11.00	Fjelberg	Nattverd
	Kl. 18.00	Eid	Lysmesse v/speidarane
07.des	Kl. 19.30	Eid	Førjulsconsert
14.des	Kl. 11.00	Eid	Nattverd
	Kl. 16.30	Fjelberg	Førjulsconsert

Dåpsbesøkarane

Det er ei målsetjing for soknerådet at dåpsborna i soknet får besøk av frivillige kyrkjelydsarbeidarar i samband med eitt, to og treårs dåpsdagar.

I Eid krins er det sju dåpsbesøkarar og i Fjelberg krins to. Når dei kjem på besøk, har dei med seg ei helsing frå kyrkjelyden. No får borna i Eid krins til eittårsdagen ein CD med kveldsbøner, til toårs dåpsdagen ei biletbok om skapinga og til treårs dåpsdagen ein kveldsbønplakat til å hengja på vegg. Det kan vera litt andre gaver i Fjelberg krins.

Vi håper borna kan ha glede av desse gåvene frå kyrkjelyden.

TN

Nytt namn på kyrkjelydsbladet

Du la kan hende merke til at det siste nummeret av kyrkjelydsbladet hadde fått eit nytt namn. No heiter bladet "Kva hender i Fjelberg og Eid sokn" – før: "Kva hender i Fjelberg prestegjeld." Namneendringa skuldast at eg som prest fekk ei ny tenesteordning frå 1. januar i år. Eg har fått Sunnhordland

prosti som tenestedistrikt med Fjelberg og Eid sokn som særskilt arbeidsområde. Det tyder at prosten kan bruka meg noko i teneste andre stader i prostiet. Nemninga prestegjeld fell bort ved den nye tenesteordninga.

TN

Søndagsskulane

Søndagsskulane på Halsnøy vil frå hausten ha fellessamlingar på Zoar. Alle born er velkomne til Halsnøy søndagsskule på Zoar søndag 14.09.2008 Kl. 11.00. Det vert søndagsskule kvar 14.dag utover hausten

K.M

Ordning for fastsetjing av gravferdstidspunkt

Frå 1. september vert det for prestegjelda i Kvinnherad innført ny ordning når det gjeld innmelding av dødsfall og avtale om gravferd og gravferdstidspunkt.

Fram til no har det vore vanleg at pårørende og/eller gravferdsbyrå har teke kontakt med og gjort slik avtale med presten.

Den nye ordninga inneber at slik avtale no skal gjerast med Kyrkjeleg Fellesråd ved Kyrkjevevrekontoret.

Dette inneber då at melding og avtale kan gjerast på vanlege vekedagar i kontortida. Dødsfall som skjer mellom fredag ettermiddag og måndag morgon vert meldt inn måndag morgon.

I gravferdslova heiter det at Kyrkjeleg Fellesråd har ansvar for fastsetjing av tidspunkt for den einskilde gravlegging. I Kvinnherad har ein likevel fram til no hatt ei ordning der ein ved dødsfall har hatt høve til å gjera slik avtale med presten.

Den nye beredskapsordninga for pres-

tane gjer at ein no ikkje kan forventast å få kontakt med den lokale presten utanom vanleg tenestetid. Samstundes er det kyrkjevevrekontoret som har best oversyn over kva kyrkjelege tenestefolk som er til rådvelde for dei ulike oppgåver.

Det er fastsett ordningar for kva dagar som gravferda skal leggjast til i høve til tidspunkt for dødsfall.

Gravferdslova fastsett og at gravferd skal skje seinast 8 dagar etter dødsfallet.

Sjølv om det no vert innført ny ordning når det gjeld fastsetjing av tidspunkt for gravlegging så er det framleis presten som vert kontakta med tanke på samtale og førebuing av gravferd.

Ved fastsetjing av gravferdsdag vert det normalt slik:

Dødsfall som skjer **Torsdag og fredag:**

Gravferd skal vera seinast torsdag i påfølgjande veke.

Fredag kveld og laurdag:

Gravferd skal helst vera seinast torsdag i påfølgjande veke, men kan leggjast til fredag (kl. 11.00.)

Søndag og måndag:

Gravferd bør vera seinast fredag i innverande veke.

Tysdag og onsdag:

Gravferd skal normalt haldast i påfølgjande veke. Dersom dødsfall vert innmeldt tysdag morgon kan gravferda haldast på fredag.

Kyrkjevevje

Beredskapsordninga i kyrkja

I tidsrommet 17.00 – 08.00 på kvardagar og i helgane/høgtidene frå kl.

08.00 er det alltid ein prest i beredskap i området. Ved behov for teneste frå prest som ikkje kan vente (dødsbod, soknebod for døyande, sjelesorg/støtte i kritiske situasjonar), skal ein ta kontakt med vakthavande prest på mobiltelefon **954 82 559**.

TN

KonfCamp 08:

Frå måndag 30/6 – søndag 6/7 var 26 stk. frå Fjelberg og Eid på Risøya ved Tvedestrand. Av dei var 16 komande konfirmantar, 3 konfirmerte, 5 leiarar og 2 barn til leiarar. Vi hadde ei fin veke saman med mykje sol og varme.



Konfirmantane



Baronen og Baronessa

Nye konfirmantar

Det har meldt seg 24 stk. til konfirmasjonstida hausten 08/våren 09 i Fjelberg og Eid.

TN